

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-151	23/908

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2023	Arbeidsmiljøutvalet	PS	31.10.2023
	Administrasjonsutvalet	PS	
015/2023	Ungdomsrådet	PS	27.10.2023
	Eldrerådet	PS	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
073/2023	Kommunestyret	PS	26.10.2023
103/2023	Formannskapet	PS	16.10.2023

Årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Vedlegg:

Journalposttittel

Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2024 og ØP 2024-2027

Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2024 og ØP 2024-2027

Dato

12.10.2023

12.10.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2024 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 9.3.

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil kr 6.333.000 for finansiering av investeringsprosjekt i 2024.

Masfjorden kommune tek opp i tillegg inntil kr 6.000.000 i lån frå Husbanken i 2024 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i

skatteåret 2024 er 7 promille, jf. eiegdomsskattelova § 11 første ledd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen legg fram med dette forslag til årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 i balanse, men utan å kunne oppfylle alle 3 måltala vedteken av kommunestyret i K sak 058/2020. Budsjett 2024 er i framlegget 2,9 mill. under resultatkravet på minst 1,75 %, og veksten i netto rente- og avdragsutgifter er 0,8 mill. over veksten i brutto driftsinntekt i budsjettåret 2024. Lånegjeldskrava er godt innanfor vedteken måltal i heile økonomiplanperioden.

Høyring

Framlegg til årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert meldt til handsaming i avtroppande formannskap og kommunestyret i oktober 2023. Saka vert deretter meldt til nytt formannskap i møte 16.november 2023 og lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar.

Saka vert så meldt til formannskap i møte 4.desember 2023 som innstiller framlegg til vedtak i kommunestyret i møte 14.desember 2023.

Saka vert også meldt til behandling i ungdomsrådet, arbeidsmiljøutvalet, administrasjonsutvalet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vurdering

Masfjorden kommune har eit godt og solid inntektsgrunnlag på over 300 mill. kroner, der meir enn halvparten kjem frå rammeoverføringar og skatteinngang. Regjeringa har over fleire år varsla om endringar i inntektsystemet til kommunane og framlegget til statsbudsjett for 2024 nemner om melding til Stortinga våren 2024 og endringar som vil tre i kraft frå budsjettåret 2025. Endringane er venta å gje ein negativ effekt for inntektsgrunnlaget til Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune har gjort sitt driftsnivå svært avhengig av konsesjonskraftsalsinntektene. Dette er variable inntekter som har historisk svinga frå eit nettotap på 1 mill. til ein nettogevinst på 34 mill. Budsjettgrunnlaget legg til grunn salsinntekter på 20,0 mill. frå kraftsal.

Statlege integreringsmidlar går kraftig ned frå 2024 i tråd med ordninga sin finansieringsplan. Det vert hausten 2023 arrangert jobbsøkjarkurs i NAV sin regi med sikte på å hjelpe flyktningane inn i arbeidsmarknaden. Ei treggare integrering enn ordninga si finansieringsplan vil kunne medføre langvarige ytingar som legger press på kommunen sitt tenestetilbod.

Den viktigaste føresetnaden for eit berekraftig lokalsamfunn er ein stabil folketalsutvikling. Masfjorden kommune har i 2022 og hittil i 2023 hatt ein aukande folketal. Ved inngangen til 2022 hadde kommunen 1.629 innbyggjarar. Folketalet pr 1.juli 2023 viser til 1.676 innbyggjarar, og syner ein auke på 47 innbyggjarar. I same periode tek kommunen imot om lag 50 flyktningar frå Ukraina.

Folketalsutviklinga i Masfjorden viser ein aldrande befolkning. Folketalsframskrivinga i

Økonomiplanperioden 2024-2027 viser til:

- 30 mindre innbyggjarar i aldersgruppa 0 til 15 år
- 20 mindre innbyggjarar i aldersgruppa 16 til 66 år
- 55 fleire innbyggjarar i aldersgruppa 67 år og opp

Folketalssamansetninga er viktig med tanke på å planlegge framtidig ressursbruk som legg til rette for ein god tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar.

Masfjorden kommune står ovanfor store utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft. Dei siste åra har vi merka dette særleg innan helse- og omsorgssektoren. Alderssamansetninga til dei tilsette i Masfjorden kommune tilseier at dette vil kunne merkast gjennom fleire sektorar etter kvart. Sentraladministrasjonen er eininga med høgast gjennomsnittsalder for sine tilsette. Teknisk og Skule følger rett etter. I budsjettåret 2024 er det 75 tilsette i kommunen som er 60 år eller eldre.

I K sak 048/2023 vedtek kommunestyret tiltak for å rekruttere og halde på personell i pleie og omsorg. Effekten av tiltaket er i budsjett 2024 innarbeidd berre ut evalueringsperioden, det vil sei ut april. Tiltaket er anslått med ein kostnad på 2,1 mill. i denne perioden. Det følgjar ikkje p.t. finansieringsmidlar sentralt og ei vidareføring av tiltaket utan finansiering vil måtte finansierast gjennom bruk av fondsmidlar. Mykje av utfordringane innan omsorgssektoren skuldast vakansar som blir dekte med overtid og/eller vikarbruk. Å halde på kompetansen er eit veldig viktig tiltak, men dersom det ikkje blir fleire sjukepleiarar/helsefagarbeidarar ut i arbeidsmarknaden vil dette tiltaket dessverre ha ein avgrensa effekt. Budsjettgrunnlaget for 2024 legg til grunn utgifter til ekstern vikarbyrå innan omsorgssektoren på 1,5 mill. Justert budsjett for 2023 reknar med 4,9 mill. til same føremål. Det heftar difor ein stor usikkerheit kring dette anslaget.

Masfjorden kommune har ein kostnadstung tenestestruktur: fleire administrative bygg, 3 skular, 3 barnehagar, 25 omsorgsbustader, 3 heimetenesesentralar, fleire kulturbygg og over 30 kommunale bustadar. Vedlikehald og drift av all den byggemassen bindar store summer kvart år.

Konklusjon

Administrasjonen legger fram årsbudsjett 2024 med økonomiplan i balanse, men utan å kunne oppfylle 2 av dei 3 handlingsreglane vedteken av kommunestyret. Svakare driftsresultat enn målalet og høgare vekst i finansutgiftene enn driftsinntektene kan forklarast med usikre inntektspostar, kostnadstung driftsnivå og ein kraftig auke i finansutgiftene som følgje av generell utvikling og endra rentevilkår for store delar av kommunen sitt låneportefølje.

Ser vi litt fram i tid står kommune framfor fleire utfordringar:

- Usikkert inntektsgrunnlag frå 2025
- Drift og vedlikehald av stor byggemasse som reduserer stadig meir det økonomiske handlingsrommet for kvart år
- Usikker, men aldrande folketalsutvikling
- Stadig eldre tilsette, 1 av 5 tilsette er over 60 år
- Usikker realisering for brukarar innanfor introduksjonsordninga
- Framtidige driftsbevillingar for helse- og omsorgssektoren

Formannskapet - 103/2023

FS - behandling:

Økonomileier Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størksersen (Ap) ba om at det vart kostnadsrekna kva det vil utgjere at søskenmoderasjon vert 50 % for barn 3 i kulturskulen.

Erlend Kvamsdal (H) bad om at kostnad for dekke på Sentralidrettsbana på Nordbygda på 3,5 mill vart lagt inn i økonomiplan, jf sak 096/2023.

Erlend Kvamsdal (H) bad om at det vert lagt inn ein tekstdel i økonomiplanen om at det skal settast av pengar til eirbrukshall i perioden, jf sak 096/2023.

Røysting:

Det vart først røyst over tilleggspunkt frå Ap. Tilleggspunkt frå Ap vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta for tilleggspunkta frå H. Tilleggspunkt frå H vart samrøystes vedteke.

Til slutt røysta ein over heile framlegg til vedtak samla. Framlegg til vedtak med tilleggspunkta vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Driftsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2024 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 9.3.

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil kr 6.333.000 for finansiering av investeringsprosjekt i 2024.

Masfjorden kommune tek opp i tillegg inntil kr 6.000.000 i lån frå Husbanken i 2024 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2024 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd

Det skal kostnadsreknast kva det vil utgjere at søskenmoderasjon vert 50 % for barn 3 i kulturskulen.

Kostnaden for dekke på Sentralidrettsbana på Hosteland på 3,5 mill vart lagt inn i økonomiplan, jf sak 096/2023.

Det vert lagt inn ein tekstdel i økonomiplanen om at det skal settast av pengar i fleirbrukshall i perioden, jf sak 096/2023.

Kommunestyret - 073/2023

KS - behandling:

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.
Saka vart drøfta.
Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes tilrådd.

KS - vedtak:

Driftsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2024 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 9.3.

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil kr 6.333.000 for finansiering av investeringsprosjekt i 2024.

Masfjorden kommune tek opp i tillegg inntil kr 6.000.000 i lån frå Husbanken i 2024 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2024 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

Det skal kostnadsreknast kva det vil utgjere at søskenmoderasjon vert 50 % for barn 3 i kulturskulen.

Kostnaden for dekke på Sentralidrettsbana på Hosteland på 3,5 mill vart lagt inn i økonomiplan, jf sak 096/2023.

Det vert lagt inn ein tekstdel i økonomiplanen om at det skal settast av pengar til fleirbrukshall i perioden, jf sak 096/2023.